



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår referanse:
20/535/21/6869/4/IV

Arkivkode:
FE-233

Dykkar referanse:

Dato:
20.08.2021

Søknad om skjønsmidler 2022

Samnanger kommune har ei markant utfordring fordi kommunen er inne i ein fase der ein har ein sterk auke med mange brukarar/innbyggjarar med særskilde og samansette behov. Innan barnehage har ikkje situasjonen vore så ressurskrevjande i så måte, på over lang tid. Dette i høve tal vedtak etter § 35 og § 37 i lov om barnehage. Innan skule vil det komande budsjettår, vere ein tilsvarande situasjon. I tillegg har kommunen godt over gjennomsnittet fosterheimplasseringar, og høgare kostnader innan ressurskrevjande brukarar, enn det som er rimeleg å rekne med ut frå innbyggjartal og totalbudsjett. Dette gjev kommunen høge utgifter innan oppvekst, helse, barnevern mv. Samnanger kommune er ein liten kommune og utfordringane me har vist til ovanfor, gjev uforholdsmessige negative utslag på økonomien.

For å handtere nemnde utfordringar på lengre sikt, har Samnanger kommune valt å rette ein meir målretta innsats inn mot førebyggjande arbeid, tidleg innsats og styrking av den pedagogiske innsatsen, samt korrigerande og avhjelpande innsats der førebyggjande arbeid ikkje er mogeleg.

Konkret har kommunen gjort ei omfattande styrking av leiinga innan sektor for oppvekst, på fleire nivå. Ein har gjennomført ein grundig gjennomgang av innretninga av drifta, særleg ved barneskulen, etablert ei ny eining for Livsmeistring, og innført endringane den nye barnevernreforma legg opp til, herunder med ein eigen barneverntilsett som skal arbeide førebyggjande og utadretta. Eining for Livsmeistring inneheld NAV, PPT og barnevern. Eininga er også samlokalisert med leiinga i oppvekstsektoren samt, kultur og kommunepsykolog, for å i størst mogeleg grad kunne gjennomføre dagleg, tverrfagleg samarbeid, samt sikre fokus på tidleg innsats. Kommunen har organisert seg i tråd med det barnevernreforma legg opp til.

Dei nye satsingane er kostnadskrevjande, og kjem på toppen av dei utgiftene kommunen allereie har, jf innleiingsvis. Den økonomiske gevinsten av nysatsinga vil ikkje komme før etter årevis med innsats. På toppen av dette har kommunen siste året busett to nye ressurskrevjande brukarar som treng kvar sin einbustad og bemanning på inntil 3:1, den eine av desse innflyttar av 2021.

Som følgje av desse samanhengane har kommunen eit svært høgt utgiftsnivå, og vil slite med å få i stand eit budsjett særleg for 2022. På denne bakgrunn søker Samnanger kommune om skjønsmidler for 2022.

Adresse:
Tyssevegen 217,
5650 Tysse

Kontakt
Tlf: 56 58 74 00
postmottak@samnanger.kommune.no
www.samnanger.kommune.no

Sakshandsamar
Direktetelefon: 56 58 74 23/ 481 58
210
E-post:
ingebjorg.vamrak@samnanger.kommune.no

Kontonr.
3562 07 00035
Foretaksnr.:
NO 964 968 985

Med helsing

Ingebjørg Vamråk
rådmann

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.